



DEN NORSKE KYRKJA

Årsrapport
for
Giske kyrkjelege fellesråd
2023



Foto av Giske kyrkje: Johan Tau Overå

Innholdsfortegnelse

1. Rådsorgana	5
1.1 Fellesrådet.....	5
1.2 Sokneråda	6
2. Utval	6
2.1 Administrasjonsutvalet.....	6
2.2 Forhandlingsutvalet	7
2.3 Bygningsutval.....	7
3. Arbeidet i Fellesrådet 2023.....	8
3.1 Handsaming av saker i Fellesrådet.....	8
3.2 Økonomi, Driftsmidlar	9
3.3 Økonomi, Investeringsmidlar	9
3.4 Rekneskap	9
4. Personalalet.....	11
4.1 Personalåret 2023	11
4.2 Oversikt over stillinger per 31.12.2023.....	12
4.3 Kyrkjeternarane	12
4.4 Diakoni og konfirmantarbeid.....	12
4.5 Trusopplæring.....	13
4.6 Det kyrkjemusikalske arbeidet	13
4.7 Prestetenesta	14
4.8 Guiding i Giske kyrkje	14
4.9 Reinhold i kyrkjene	14
4.10 Kyrkjekontoret.....	15
4.11 Nettside	15
4.12 Personalutvikling /kompetansebygging/ arbeidsmiljøtiltak.....	15
4.13 Likestilling og diskriminering	15
5. Ferieavvikling 2023	16
5.1 Arbeidet i kyrkjene ved feriar	16
5.2 Kyrkjekontoret.....	16
5.3 Kyrkjegardane	16
5.4 Ferievikarar i Giske kyrkje	16
6. Kyrkjebygga	17
6.1 Vigra kyrkje.....	17
6.2 Valderøy kyrkje	17
6.3 Giske kyrkje.....	18

6.4 Johanneskapellet	19
6.5 Godøy bedehuskapell.....	19
7. Gravstadane.....	19
7.1 Vigra gravplass	20
7.2 Valderøy gravplass	20
7.3 Giske gravplass	21
7.4 Godøy gravplass.....	21
8. Kystpilegrimsleia	22
9. Planar for 2024	22
9.1 Arbeidet i kyrkjelydane.....	22
9.2 Gravstadane	23
9.3 Bygga våre.....	23
9.4 Samarbeid med kommunen.....	23
9.5 Stab og råda.....	23
9.6 Tusen takk!	24
9.6 Signaturdelen.....	24

1. Rådsorgana

1.1 Fellesrådet

Fram til november 2023 har fellesrådet vore samansett slik

Elisabet Sundgot	Valderøy sokneråd, leiar (fram til 31.05.23)
Sindre Røsvik	Valderøy sokneråd, leiar (frå 01.06.23)
Elisabet Sundgot	Valderøy sokneråd, nestleiar (frå 01.06.23)
Sindre Røsvik	Valderøy sokneråd, nestleiar (fram 01.06.23)
Arnfinn Rune Giske	Giske sokneråd, medlem
Rolf-Kjell Giske	Giske sokneråd, medlem
Knut Støbakk	Vigra sokneråd, medlem
Otto Stornes	Vigra sokneråd, medlem
Aksel Roald	Vigra sokneråd, medlem
Sigvald Sæther	Kommunal representant
Benjamin Bjørnsen Anda	Geistleg representant

Varamedlemar

Bjørn Jønsson	Valderøy sokn 1. vara
Anna-Merethe Synes	Valderøy sokn 2. vara
Arnstein Gustafson	Giske sokn 1. vara
Jostein Alnes	Giske sokn 2. vara
Helga Sakseid	Vigra sokn 1. vara
Solfrid Haram	Vigra sokn 2. vara
Jan Skodje	Kommunal vara
Prosten	Geistleg vara
Gunnhild Bremer	Geistleg vara

Nyvalde til fellesrådet 2023, med funksjonstid frå desember 2023

Inger Marie Seth	Vigra sokneråd, leiar
Per Ole Valderhaug	Valderøy sokneråd, nestleiar
Ann Christin Giske Ervik	Giske sokneråd
Ole Jogeir Furnes	Giske sokneråd
Ole Vidar Blindheim	Vigra sokneråd
Sissel Vindvik	Valderøy sokneråd
Marit Vik	Kommunal representant
Hallvard Nordstrand	Geistleg representant

Varamedlemmer

Rolf Kjell Giske	1. vara Giske
Mary Hilde Alnes	2. vara Giske
Ragnhild Danbolt Tunheim	1. vara Vigra
Geir Sakseid	2. vara Vigra
Eldar Nordstrand	1. vara Valderøy
Aase Skjøng	2. vara Valderøy
Rolf Kjell Giske	Vara kommunal representant
Gunnhild A. Bremer	Vara geistleg representant

Av faste medlemar i det nye fellesrådet er det 4 kvinner og 4 menn og målet med kjønnsbalanse ved kyrkjevalet er oppnådd. Leiaren er kvinne og nestleiar mann.

Fellesrådet består av to representantar frå kvart av sokneråda, forutan soknepresten og ein kommunal representant. Den gamle kyrkjelova er oppheva, men fellesrådet og sokneråda har same ansvarsområde som i den gamle lova, i påvente av regulering i ny lov.

«Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver for soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen»

Kyrkjeleg fellesråd er ansvarleg for:
(nedskrive i *gamal kyrkjelov §14*)

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- anlegg drift og forvalting av gravplassar
- oppretting og nedlegging av stillingar som lønast over fellesrådet sitt budsjett
- anskaffe og drifte sokne- og prestekontor
- administrativ hjelp for prosten når staten yter tilskot til det
- anskaffe lokaler, utstyr og materiell til konfirmantopplæring

1.2 Sokneråda

Giske fellesrådsområde har tre sokn; Giske, Valderøy og Vigra.
Sokneråda driv som sjølvstendige einingar og har eiga årsmelding og eige rekneskap.

Sokneråda sitt ansvarsområde:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksamhet henvendt på alt som kan gjøres for å vække og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet» (*gamal kyrkjelov §9*).

2. Utval

2.1 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er samansett av tre representantar frå arbeidsgjevarsida og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Administrasjonsutvalet skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom dei tilsette og arbeidsgjevar. I 2023 har administrasjonsutvalet handsama fleire tilsetjingssaker som førebuande organ for vedtak i Fellesrådet.

Medlemmar i administrasjonsutvalet for perioden januar til oktober 2023:

Elisabet Sundgot

Sindre Røsvik

Kyrkjeverja

Vararepresentantar:

1.vara: Knut Støbakk

2.vara: Rolf Kjell Giske

Medlemmar i administrasjonsutvalet frå november 2023:

Inger Marie Seth

Sissel Vindvik

Kyrkjeverja

Vararepresentantar:

1. vara Ann Christin Ervik

2. vara Per Ole Valderhaug

Representant frå arbeidstakarorganisasjonane (for heile 2023): kantor Margaret Haugland.

2.2 Forhandlingsutvalet

Utvælet er utnemnt av arbeidsgjevarsida og består av tre representantar:

Medlemmar i forhandlingsutvalet for perioden januar til oktober 2023:

Elisabet Sundgot

Knut Støbakk

Arnfinn Rune Giske

Kyrkjeverja er til vanleg sakshandsamar/sekretær

Medlemmar i forhandlingsutvalet frå november 2023:

Inger Marie Seth

Ole Jogeir Furnes

Kyrkjeverja

Det har vore gjennomført lokale forhandlingar i 2023.

2.3 Bygningsutval

Medlemmar i bygningsutvalet for perioden januar til oktober 2023:

Sigvald Sæther

Otto Stornes

Rolf Kjell Giske

Medlemmar i bygningsutvalet frå november 2023:

Marit Vik

Ole Jogeir Furnes

Otto Stornes

Bygningsutvalet tok sin årlege gjennomgang av kyrkjer og gravplassar for å sjå på tilstand av bygningsmasse og gravplassar. Dei legg fram prioritert liste med vedlikehaldsbehov for fellesrådet.

Bygningsutvalet har i 2023 gjennomført sin årlege runde ved alle kyrkjebygga og gravplassane.

3. Arbeidet i Fellesrådet 2023

2023 er det fyrste stabile året for Fellesrådet etter koronapandemien.

3.1 Handsaming av saker i Fellesrådet

Fellesrådet har i 2023 hatt sju møter og handsama 35 saker. Vi nemner spesielt:

- ✓ Prosjekt ny gravstad Valderøya
- ✓ Kyrkjeverje AFP
- ✓ Annonse og betaling Øyblikk
- ✓ Saker om tilsette og arbeid framover
- ✓ Ferdigstilling ny gravstad Valderøya
- ✓ Spleis med kommunen om utstyr gravstaden (stemplingskasse og flakar)
- ✓ Møre bispedøme 40 år - Jubileumsseilas
- ✓ Bemannning
- ✓ Utlyst tilkallingsvikar som kyrkjetenar
- ✓ Rekneskap og årsmelding for 2022
- ✓ Økonomiplanen 2024-2027
- ✓ Lokaler til gudsteneste
- ✓ Samarbeid Giskepelet
- ✓ Utvida stilling til organist
- ✓ Festeavgift
- ✓ Guiding Giske kyrkje
- ✓ Tilsetjing
- ✓ Kontinuering av Fellesråd
- ✓ Driftsbudsjett 2023
- ✓ Kyrkjeval 2023
- ✓ Premiefond og KLP
- ✓ Bordtennisbord Malaki
- ✓ Varmepumpe Vigra
- ✓ Vatn ved Valderøy kyrkjegard
- ✓ Leiaravtale og arbeidsavtale for ny kyrkjeverje
- ✓ Rapport ulike pågående prosjekt
- ✓ Søknad om forprosjekt Giske kyrkje
- ✓ Kontinuering nytt Fellesråd
- ✓ Ledige stillinger per november 2023

3.2 Økonomi, Driftsmidlar

Økonomien i Fellesrådet har i 2023 vore meir romsleg av ulike årsaker. Det er verdt å merke seg at dei tilsette har teke konsekvensen av vakanse i stillingar, men det er inga løysing.

Trusopplærar har hatt permisjon og kyrkjetenar har ikkje vore i stillinga. Det har også vore vakanse i andre stillingar som har ført til meir romsleg økonomi. Det er vanskeleg å leige inn vikarar til fleire av stillingane fordi jobben tek tid å lære seg. I eine kyrkjetenarstillinga har vi hatt to personar i 2023, samt tilkallingsvikar som er billige å leige inn på vikarbasis. Organistar må innimellom leigast inn for å utføre dei kyrkjelege handlingane som bryllaup, gravferd og gudstenester og dette er ei faggruppe som er meir kostnadskrevjande enn andre vikarar.

I kyrkjeverjestillinga har vi også hatt to personar i 2023 med ei overlapping i juni til midten av juli.

Grunna vakansane har Fellesrådet teke ein del reperasjonar, maling og fikse varmeanlegg som vi elles ikkje hadde hatt råd til.

Det har vore ekstra utgifter til Kyrkjevalet med materiell, kursutgifter, bevertning møter, annonser og møtegodtgjersler.

I Giske kyrkje gir vi tilbod om guiding og gjekk i 2023 med eit uventa stort overskot på billettinntekter. Vi hadde også noko overskot på utleige av Valderøy kyrkjekellar. Straumavtalen vi har med kommunen er gunstig for oss og utgiftene til dette har vore lave.

Det har vore ei stor påkjenning for staben med manglande personalressursar. Økonomisk har vi hatt romslegare økonomi

3.3 Økonomi, Investeringsmidlar

Fellesrådet sin investeringsplan for perioden 2024 – 2027 vart oppdatert og forventa kostnader på investeringssida blei synleggjort. Arbeidet med Valderøy gravstad var nesten fullført og gravstaden er i bruk, men det står att noko arbeid og ein økonomisk pott til dette.

Fellesrådet søkte kommunen om 200.000,- i løyve til forprosjekt Godøy kyrkjegard som er sett av til 2024.

3.4 Rekneskap

Rekneskap for 2023 viser eit overskot på driftsrekneskapen på 319.849,-. Overskotet blir ført til disposisjonsfond.

År 2022: +652.779,- 2021: -217.084,- 2020: +164.917,- 2019: -243.058,-

Investeringsrekneskapen viser eit overskot på 360.954,- for 2023. Vi kan bruke 200.000,- på gravstadane Valderøy for å ferdigstille og Godøy for å starte gravearbeid.

Pensjonsutgifter til KLP var i 2023 særslig høge og hadde ein totalkostnad på 1.246.619,-. Dette utgjer ca 30% av lønsmidlar og utgifa klarte Fellesrådet å betale grunna ubrukte lønsmidlar.

Reguleringspremien gjer at denne utgifa varierer ein god del frå år til år, men den har aldri vore like høg som i 2023.

År 2022: 770.517,- 2021: 825.969,- 2020: 497.277,-

Guiding og besøk i Giske kyrkje har hatt mange besøkande i 2023 og vi ser ein aukande tendens. Talet på besøkande i 2023 var ca 10 500, for 2022 ca 9000 og grunna korona i 2021 og 2020 var det særslig få besøkande.

På konto 1621 under «4200 kyrkjer» er billettinntektene på guiding på kr 542.208,-.

År 2022: 335.555,- 2021: 7.155,- 2020: 5.300,- 2019: 328.503,-

Konto 1180 under «4200 kyrkjer» viser straumutgifter til kyrkjene våre og vi i 2023 hatt 145.373,- i straumutgifter.

År 2022: 93.050,- 2021: 146.260,- 2020: 126.392,- 2019: 207 893,-

Ved Vigra og Giske kyrkje blir varmen fjernstyrta via ein app. Dei lave kostnadane skuldast ei svært god straumavtale som vi har gjennom kommunen.

På konto 1185 under «4200 kyrkjer» ligg forsikringspremien for kyrkjebygga og inventar som i 2023 utgjer 65.538,-.

År 2022: 62.705,- 2021: 63.621,- 2020: 61.190,-

Fellesrådet valde å bytte forsikringsleverandør på bygg frå 2019 og valde då «Knif trygghet» til forsikring for kyrkjebygga og inventar. Vi held fram med å ha personal- og pensjonsforsikringar i KLP.

Konto 1187 under «4200 kyrkjer» finn ein posten «Vakt og alarmtenester» som i 2023 kosta 45.772,-. År 2022: 65.041,- 2021: 54.489,- 2020: 59.602,-

Konto 1190 under «4200 kyrkjer» ligg utgifter til husleige for Godøy bedehuskapell og Alnes bedehus på 102.000,-. Vi betalar for leige ved gravferdssermoniar og utgifa vil derfor variere frå år til år.

År 2022: 57.000,- 2021: 36.000,- 2020: 42 000,- 2019: 102.350,-

Konto 1230 under «4200 kyrkjer» viser at vi har brukta 97.527,- til vedlikehald bygg i 2023. Det er eit nesten 50% overforbruk, men vi har kunne teke desse vedlikehalda grunna romsleg økonomi.

År 2022: 64.064,- 2021: 28.656,- 2020: 11.320,- 2019: 79.349,-

Konto 1231 under «4200 kyrkjer» vedlikehald anlegg viser utgifter på 152.726,-.

Dette er blant anna forsøk på å reparere varmepumpe på Vigra, men også ettersyn og reparasjonar av vatntåkeanlegg og maskiner.

År 2022: 21.455,- 2021: 40.363,- 2020: 51.532,- 2019: 22.465,-

Konto 1232 under «4200 kyrkjer» er vedlikehald av utstyr er på 57.484,-. Dette er hovudsak reparasjonar av utstyr. Heiskontroll, el-reparasjonar og stemming av piano og orgel.

År 2022: 60.366,- 2021: 33 637,- 2020: 16.639,- 2019: 31.367,-

Konto 1231 «4300 gravplassar» vedlikehald av anlegg har vi brukt 2.440,-. Dei største utgiftene på Valderøy gravstad har gått under prosjektet.

År 2022: 44.453,- 2021: 14.722,- 2020: 7.231,- 2019: 30.628,-

På konto 1631 «4300 gravplassar» festeavgift har det kome inn 528.643,-. Det var budsjettet med kr 200 000,- og det varierer antal festa graver som har forfall per år.

År 2022: 253.655,-

4. Personale

4.1 Personalåret 2023

Tittel	Namn	Periode i 2023	Stillingsprosent
Kyrkjeverje	Turid Urkedal Valderhaug	Fram til 15.07.2023	100%
Kyrkjeverje	Katrine Ruth Overå	Frå 01.06.2023	100%
Kantor	Margaret Standal Volle Haugland	2023	100%
Kyrkjelydspedagog	Emma Dyb	Permisjon 2023	100%
Diakoniarbeidar	Susanne Moe Roaldsnes	50% 01.01.2023 60% 01.08.2023	100%
Klokkar/kyrkjetenar	Marie Sætremyr Brunstad	Fram til 27.01.2023	80%
Sekretær	Inger Magelssen Godø	2023	40%
Klokkar/kyrkjetenar	Inger Magelssen Godø	2023	45%
Reinhaldar/guide	Inger Magelssen Godø	2023	15%
Organist	Dag-Filip Roaldsnes	40% til 31.05 60% frå 01.06	40% 60%
Reinhaldar	Kristina Raudiene	2023	30%
Vikar kyrkjetenar	Johan Tau Overå	Frå 01.09.2023	50%
Vikar trusoplærar	Johan Tau Overå	Frå 01.09.2023	50%



4.2 Oversikt over stillingar per 31.12.2023

Namn	Tittel	Stillingsprosent
Katrine Ruth Overå	Kyrkjeverje	100%
Margaret Standal Volle Haugland	Kantor	100%
Emma Dyb	Kyrkjelydspedagog	100%
Susanne Moe Roaldsnes	Diakoniarbeidar	100%
Inger Magelssen Godø	Sekretær, klokkar/kyrkjetenar, reinhaldar/guide	100%
Marie Sætremyr Brunstad	Klokkar/kyrkjetenar	80%
Dag-Filip Roaldsnes	Organist	40% 60% frå 01.06.23
Kristina Raudiene	Reinhaldar	30%
Antal tilsette i Fellesrådet	8	
Antal årsverk	6,7	
5 av 8 tilsette har fulltidsstilling 3 av 8 har deltidsstilling		

4.3 Kyrkjetenarane

Vi har to kyrkjetenarar. Inger M. Godø har 45% stilling som kyrkjetenar/klokkar med hovudansvar for Giske, Alnes og Godøya. Marie S. Brunstad har 80% stilling med hovudansvar for Valderøy og Vigra kyrkje. Sidan slutten av januar 2023 har vi hatt vikarar inne i denne stillinga, men på det meste fylt den 50%. Sokneråda og frivillige har hjulpe til i denne rolla ved gudstenester. Ved konsertar som soknerådet arrangerer er det dei sjølve som har ansvaret for at denne rolla er på plass.

Stillinga som kyrkjetenar/klokkar ordnar det praktiske før, i og under gudstenester, gravferd og vigsler. Kyrkjetenaren syter for innkjøp av blomar, rydde og halde orden slik at kyrkja er ein innbydande og fint rom å kome til. Det er ei viktig rolle som vi ikkje klarer oss utan.

4.4 Diakoni og konfirmantarbeid

Diakonimedarbeidar Susanne M. Roaldsnes har 100% fast stilling, og i perioden 01.01 – 31.07.2023 har ho jobba 50% og i perioden 01.08 – 31.12.2023 har ho jobba 60%. Fokuset har vore konfirmantarbeid og vere med på ungdomsarbeidet med Malaki. Frivillige har vore engasjert i arbeidet med praktisk arbeid, men også med undervisning ved behov.

Vi har høgt antal av dei som er vel kyrkjeleg konfirmasjon (over 90%) og vi har eit godt tilbod som ungdomen fortel dei gleder seg til. Frå hausten 2022 har konfirmantundervisning for våre tre sokn vore i Valderøy kyrkje. Konfirmantane får servert pølser med brød kvar gong, er delt opp i grupper i undervisninga og har tid til det sosiale. Stab saman med frivillige samarbeidar godt og gir konfirmantane glede i relasjonar, oppgåver og møte på kryss og tvers av generasjonar.

4.5 Trusopplæring

Emma Dyb har 100% stilling som kyrkjelydspedagog, men vore borte frå stillinga i 2023. Det var forsøkt å få inn vikar for henne, men det er eit arbeid som tek tid å kome inn i. Mot slutten av 2023 hadde Johan Tau Overå 50% vikar i denne stillinga og bidrog til trusopplæringa. Det var ikkje starta nye tiltak i den perioden.

Sekretær Inger M. Godø har teke dei administrative oppgåve kring trusopplæring i heile 2023. Dette har vore bestilling av bøker, lage og sende invitasjonar, føre statistikkar og meir.

Organist Dag-Filip Roaldsnes har brukta 20% av si stilling til å ha ansvar for barnekoret KorTøft, eit arbeid han deler med kantor Margaret Haugland. KorTøft hadde i 2023 90 medlemmer i alderen 3. - 7. klasse frå Valderøy barneskule og det er eit arbeid som treng ressursar for å kunne gjerast på ein god måte både med tanke på barna og staben. Dei yngste barna blir henta og levert tilbake på SFO som gir ei trygg ramme. Besteforeldregenerasjonen stiller som viktige frivillige og med tanke på betalte ressursar treng vi dermed berre 2-3 av staben på dette inkluderande og givande tiltaket.

Av trusopplæring i 2023 har det blitt gjennomført utdeling av Bibel, småbarnssong, babysong, utdeling av 6årsbok og 4årsbok, jule- og påskevandringar for alle barnehagane, samt skulegudstenester for alle skulane. Organistane og prestane har vore essensielle i dette arbeidet, men ved behov har også andre i staben vore med på desse arrangementa.

I perioden september til og med desember var Johan Tau Overå inne i 50% vikariat som trusopplærar.

Sokneråda og frivillige har også hjulpe til med trusopplæring og det er vi takksame for.

4.6 Det kyrkjemusikalske arbeidet

Vi har to tilsette organistar. Margaret S. V. Haugland har 100% stilling og har det musikalske hovudansvaret for gravferder og vigslar. Ho spelar på gudstenester, andakter på sjukeheimar og er med på KorTøft. Dag-Filip Roaldsnes fekk 60% fast stilling som organist frå 01.06.2023 og hadde fram til det 40%. Han brukar 20% av stillinga si på korarbeid og spelar elles til gudstenester, gravferder og vigslar.

4.7 Prestetenesta

Valderøy sokn har i 2023 hatt Gunnhild Roaldsnes Bremer som prest under utdanning fram til ho blei ordinert til prestetenesta 3. september 2023. Ein gledens dag! Etter det har ho hatt 100% stilling som sokneprest for Valderøy sokn, men ho arbeidar også i dei andre kyrkjene.

Benjamin Anda var fram til juni 2023 sokneprest i Giske og Vigra sokn. Frå september tok Hallvard Nordstrand over.

Ottar Strand var prest fram til medio mai og hadde saman med dei andre prestane og diakonimedarbeidar ansvar for konfirmantarbeidet.

Sommaren 2023 mangla vi prest og i perioden juni, juli og august var prega av denne mangelen. Vi hadde fleire ulike vikarar for å dekke gudstenester, gravferder og vigslar. Det var mykje rot med vikarprestar denne sommaren som krevde ekstra mykje av kyrkjetenarrolla. Dette grunna lokale forhold i dei ulike kyrkjene og at vikarane ikkje alltid kom førebudde.

Berit Johansen har (etter ho blei pensjonist frå diakonstillinga i 2022) vore inne som prestevikar ved gudstenester og gravferder og dette har vore til glede og god hjelp for oss.

Gunnhild Bremer og Hallvard Nordstrand, saman med diakonimedarbeidar Susanne Roaldsnes, har frå hausten 2023 hatt ansvar for alt konfirmantarbeidet.

Prestane har bidrige inn i trusopplæringa sidan vi har mangla trusopplærar i 2023. Det har vore ei forenkla trusopplæring, men alle gudstenester med utdeling av bøker har blitt gjennomført og prestane har hatt ei viktig rolle.

4.8 Guiding i Giske kyrkje

Inger Magelssen Godø har ansvaret for omvisingstenesta i Giske kyrkje, er guide sjølv og administrerer tenesta. Ho tek det meste av omvisinga sjølv utanom medio juni til medio august, men lærer opp og legg til rette for tenesta. Inger har kontakt med cruise- og guidingselskapa og har åleineansvaret for bestillingane.

Det er generelt krevjande å få tak i guidar og Hilde Gjerde Roald og Elisabet Sundgot tok ein del oppdrag som guide i 2023 som vi set stor pris på.

4.9 Reinhald i kyrkjene

Kristina Raudiene har 30% fast stilling som reinhaldar i Valderøy og Vigra kyrkje og det meste av stillinga brukar ho i Valderøy kyrkje då den er mest i bruk grunna tilrettelagde og praktiske rom. Inger M. Godø har ansvar for reinhald i Giske kyrkje.

4.10 Kyrkjekontoret

Fellesrådet disponerer seks kontor i Giske rådhus på Valderøya. Kyrkjevejer, sekretær, diakoniarbeidar, kyrkjelydsmedarbeider og to prestestillingar har kontorplass. Kantor har kontor i Valderøy kyrkje, medan organist, kyrkjetenar og reinhaldar har ikkje kontorplass.

4.11 Nettside

Fellesrådet har Kirkepartner si nettløysing som standardside med adresse www.kyrkja.no/giske og redaktør er kantor Margaret Haugland. Vi har som mål å ha ein aktiv bruk av nettsida vår og opplev den som relevant og nyttig. Sida er godt oppdatert og det er viktig at stab og sokneråd formidlar informasjon til nettredaktøren.

4.12 Personalutvikling /kompetansebygging/ arbeidsmiljøtiltak

Ein gong i veka møtast staben på «Minstab» på kyrkjekontoret. Dette er praktiske møter der ein ser tilbake på siste veka og planlegg arbeidet den komande veka. Dette er viktige møteplassar for å utveksla informasjon og oppdateringar og hovudtanken er at dette er obligatoriske møtepunkt. «Minstab» er eit godt arbeidsreiskap som gir oss oversikt, er eit positivt miljøtiltak og gir grunnlag for nært samarbeid.

Ein gong per månad møtast vi alle til «Storstabsmøte» i Valderøy kyrkje. Møtet er obligatorisk, halvårsplan for møtedato blir sendt ut i god tid og ved behov flyttar vi på møtedato slik at alle kan vere med. Oppmøte for reinhaldar er ikke obligatorisk.

Vi startar møtet med ei kort samling i Johanneskapellet og held fram i kyrkjekjellaren med planlegging, samkøyring og evaluering av tiltak/arbeidet. Det er viktig å snakkast på kryss og tvers av yrkesgrupper og arbeidsgivarlinjer for å kunne løyse utfordringane saman og styrke vi-kjensla.

Arbeidsmiljøtiltak. I fellesrådsområdet har det i første halvdel av 2023 vore prestar med ulik teologisk oppfatning som til tider har ført til medieoppslag. Dette var ei belastning for tilsette i begge arbeidsgivarlinene.

4.13 Likestilling og diskriminering

Arbeidsgjevar har plikt til å arbeide aktivt for likestilling og mot diskriminering, samt å gjere reie for dette arbeidet. Fellesrådet samarbeider aktivt, saman med prost for å oppfylle desse oppgåvene og Fellesrådet og bispedømerådet har samordna HMS-avtale.

Etter kyrkjevalet valte sokneråda sine representantar til Fellesrådet. Kvart sokn har ei dame og ein mann som representant. Leiaren i Fellesrådet er kvinne og nestleiar er mann.

Det vart hausten 2023 laga fest for avtroppande og nye sokneråd for felles møtepunkt. Vi har tru på at godt og opent samarbeid hindrar diskriminering og opnar kommunikasjonen.

5. Ferieavvikling 2023

5.1 Arbeidet i kyrkjene ved feriar

Det vart leigd inn vikarar ved nokre høver for kyrkjetenar då vi manglar ressurs i eine kyrkjetenarstillinga. Kyrkjevert Turid tok nokre av oppdraga som kyrkjetenar sommaren 2023 fordi det ikkje var mulig å få tak i folk.

Organistane delte på ferien slik at vi alltid hadde ein av dei faste organistane til gudstenester, viglar og gravferder.

5.2 Kyrkjekontoret

På kyrkjekontoret har sekretær og kyrkjevert tradisjon for å overlappe kvarandre i sommarferien og det blei også gjort i 2023. Då er det ikkje behov for vikar.

5.3 Kyrkjegardane

Det er kommunen som leiger inn vikarar i sommarferien med grunnlag i tenesteytingsavtalen. For året 2023 leigde kommunen inn nokre ferievikarar på gravplassane og det har vore få klager på stell.

5.4 Ferievikarar i Giske kyrkje

Til sommarvikarar annonserte vi etter to guidar, og fekk Lovise Andrea Valderhaug og Eline Hellevik som var der sommaren 2023.

6. Kyrkjebygga

6.1 Vigra kyrkje



Det store treet ved hovudinngangen til Vigra kyrkje skapar slitasje på kyrkja. Lauv, pollen og rusk frå treet tærer på treverk og vindauge på kyrkja. Det har blitt brukt ledige økonomiske midlar til å gjere vedlikehaldsarbeid på tårnet og vindauga sommaren 2023.

Ei av to varmepumper i Vigra kyrkje slutta å fungere. Til tross mange forsøk på å reparere den, stod ein att med ei høg rekning og mange delar, men den kunne ikkje reddast. Fellesrådet bestemte hausten-23 å takke ja til eit tilbod om ei ny kraftig varmepumpe som blei installert. Den har fungert veldig godt og vi må ikkje sette på varme like tideleg som før for å få opp varmen. Delane som vi kjøpte inn i forsøk på å fikse den gamle, er kompatibel med den nye.

6.2 Valderøy kyrkje



Då vi har mangla kyrkjetenar i store delar av 2023 har det vore noko rotete i Valderøy kyrkje. Staben har hatt nokre rundar med å rydde og kaste med kantor Margaret i spissen. Sokneråda har også bidrege med å rydde og halde orden på til dømes blomar og området rundt. Hausten 2023 var kyrkjetenar Johan Tau Overå tilsett i 50% og fekk rydda kjøkkenet oppe og bodar, mala rommet oppe ved galleriet og fjerna eit gammalt teppe. Noko av interiøret i kyrkja var varsamt mala av kyrkjetenar med instruksjonar frå Stornes.

Vi har hatt problem med å få opp varmen i kyrkja. Systemet fungerar godt nede, men oppe blir det aldri like varmt som vi treng og vi har måttå bruke varmerøra under kyrkjebenkane. Dette er ei dyr og upraktisk løysing, men varmen har vore ei utfordring i mange år. I 2023 hadde vi service på varmepumpa.

6.3 Giske kyrkje


I møte med Riksantikvaren, Fylkesantikvaren og Niku (Norsk institutt for kulturminnevern), har Fellesrådet fått positiv respons for bygging av kyrkestove ved Giske kyrkje. Lokal arkitekt har arbeida saman med fylkesarkitekt med ei skisse. Fellesrådet har fått klarsignal om bygging frå Riksantikvaren og Riksantikvaren/fylket har bestemt plassering og storleik på bygget. Plassering og storleik er dermed endeleg.

Det står att mykje arbeid for å ha ei skisse for det ferdige bygget og prosjektet er ikkje finansiert.

I 2023 har det pågått eit prosjekt i Giske kyrkje for å finne fuktinhald i veggane. Grunna tidlegare bruk av sementinhaldig puss og slemmemørktel må ein finne fuktnivået for å kunne finne ei god løysing vidare. Det har blitt lagt inn sonder for logging av fukt og finne ut kva mørktelsamansetningar og overflatebehandlingar som har vore nytta. Oppdraget med «forprosjekt fuktmaeling av Giske kyrkje» handla også om å arbeide vidare med kartlegging og skildre skadefiletet av kyrkja både inn- og utvendig.


Fellesrådet søkte Riksantikvaren (RA) om midlar til dette prosjektet og fekk godkjent inntil 300.000,- ved krav om eigenandel på 200.000,-. Frist for levering av rekneskap og rapport til RA var 30.10.2023, men fekk utsett frist til 31.01.2024.

Arbeid med Giske kyrkje krev spisskompetanse og vi hadde utfordringar med å finne nokon som kunne ta på seg dette prosjektet då Statsbygg ikkje hadde høve. Vi var glade for at Torgeir Erdal AS tok på seg oppdraget med Maria Stornes som prosjektleiar. Opplæring tok tid og Fellesrådet måtte be om utsett frist, som blei godkjent.



6.4 Johanneskapellet

Johanneskapellet vart vigsla i 2009 og er eit tilbygg til Valderøy kyrkje. Kapellet blir brukt til båreandakter, syningar, gravferder, dåp, konsertar, kveldsbøn og bryllaup. Staben startar alltid sine stabsmøte i kapellet og i tillegg blir kapellet brukt til konfirmantundervisning og i trusopplæringa.



6.5 Godøy bedehuskapell



Fellesrådet leiger bedehuskapellet til kyrkjelege handlingar på Godøya. Alnes bedehus blir leigd til fleire gudstenester i året og til gravferder for dei som bur på Alnes.

7. Gravstadane

Det aller meste av arbeidet på kyrkjegardane vert utført som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen og det er ein avtale som fungerer tilfredsstillande. Budsjettet for kyrkjegardane er lavt, men takka vere god dugnadsinnsats, der sokneråda har stått for organiseringa, har vi fått utført mykje meir enn budsjettet normalt ville gi rom for. Fellesrådet gjennomfører enkle vedlikehaldsprosjekt i eigen regi ut i frå tilgjengelege ressursar.

7.1 Vigra gravplass

Vigra gravstad fekk målt opp nye gravfelt i 2023 og det er god plass på gravstaden for komande år. Vigra har ikkje namna minnelund som ein bør vurdere å starte opp arbeid med i 2024. Der er eit lite urnefelt.



7.2 Valderøy gravplass



Dei nye felta (N og O) på Valderøy gravplass stod våren 2023 klar til bruk. Mot slutten av året står noko arbeid att på gravstaden og det vil ta nokre år før beplantinga veks slik den skal vere og det gror fint til. I 2023 opplevde Fellesrådet utfordringar med mykje vatn som ikkje trekk godt nok ned i jorda, samstundes som jorda nedi er tørr. Det blei teke jordsmonnprøver og saka blir følgt opp i 2024.

Namna minnelund ved Valderøy kyrkjegard er teke i bruk.




7.3 Giske gravplass

Kyrkjegarden er i fin stand og ordinært vedlikehald har vore utført i 2023. Det er målt opp nye graver mot slutten av året.



7.4 Godøy gravplass

Ved Godøy kyrkjegard er det behov for ny plan over området og planarbeidet er venta å starte i 2024. Der er framleis plass, men ein ny gravstad tek mange år å fullføre og oppstart bør skje snart. Også ut frå ein økonomisk ståstad.



8. Kystpilegrimsleia

I 2010 etablerte Kulturdepartementet «Pilegrimsleden fra Oslo til Trondheim» ved å opprette fem regionale pilegrimssenter i leia frå Oslo til Trondheim opp gjennom Gudbrandsdalen. Giske kyrkje er ein av nøkkelstadane for kystpilegrimsleia.

Sjølve kystpilegrimsleia vart opna i 2018 med ein signingstur og 19. juni 2018 kom den restaurerte Colin Archer redningskøyta «Risør II» til Giske på sin opningssegla frå Stavanger til Trondheim. Opninga vart markert i Giske kyrkje med ei messe, og deretter ei markering i Gildehallen ved Giskespelet.



Avstøypning i tinn av «kyssekorsa» på Giske kyrkje i gáve til dei 2x ordinerte systrene hausten 2023



Pilegrimar kan på lik linje med alle ta kontakt med kyrkjekontoret/guide Inger M. Godø for å bestille guiding i Giske kyrkje. I postkassen ved porten inn til Giske kyrkje finn ein pilgrimsstempel som er tilgjengeleg ute heile året.

Under linken [Pilegrimsleden | Giske](#) finn ein informasjon om Giske kyrkje, samt sjáverdigheiter på øya og anna informasjon.

9. Planar for 2024

9.1 Arbeidet i kyrkjelydane

Frå starten av 2024 har vi trusopplærarar tilbake og eit av hovudmåla er å få trusopplæringa tilbake på beina. Dette ser vi veldig fram til og gleder oss til å kunne tilby barna i kommunen ei heilskapleg trusopplæring.

Organistane samarbeidar med sokneråda om å få til to salmekveldar på våren og to på hausten. Det trengs to nye piano i Valderøy kyrkje, både i Johanneskapellet og i kyrkjerommet.

9.2 Gravstadane

Planarbeid for Godøy gravplass starte i 2024 og ein bør kome i gong med gravearbeidet.

«Prosjekt fuktmåling Giske kyrkje» skal arbeidast vidare med for å kartlegge og legge ein plan for vidare bevaring av Giske kyrkje.

Namna minnelund på Vigra bør i 2024 kartleggast med tanke på økonomi og plassering. Det må også takast ei vurdering om store treet ved Vigra kyrkje skal gjerast noko med då det skaper stor slitasje på kyrkja. Det blir Fellesrådet si vurdering om kva som skjer vidare.

9.3 Bygga våre

Kyrkjestova på Giske må hugsast. Det er stort behov for eit ekstra rom ved store gravferder, ein plass til kyrkjekaffi og til trusopplæringstiltak. Fellesrådet har fått godkjent plassering av bygget med Riksantikvaren og fylket, men finansiering er ikkje på plass.

I Valderøy kyrkje må Fellesrådet vurdere kva ein skal gjere med lyskjeldene nede i kyrkjekjellaren. Ei bør vurdere å skifte om til LED og må då ta arbeidet med å skifte sokkel.

9.4 Samarbeid med kommunen

I 2024 må Fellesrådet få på plass ein ny tenesteytingsavtale med kommunen då den siste er revidert i 1999.

9.5 Stab og råda

Kyrkjeverje Turid Valderhaug gjekk av med AFP 17. juli 2023 etter 17 år som ryddig og duktig kyrkjeverje. Stillinga blei utlyst og Katrine Ruth Overå gjekk inn stillinga som kyrkjeverje frå 1. juni 2023.

I 2023 vi har tatt avskjed med kyrkjeverje Turid og prest Benjamin. Året har vore prega av tilkallingsvikarar for kyrkjetenar og mangel på fulle ressursar i andre stillingar.

På hausten takka eit solid Fellesråd for seg og nye steig inn i rolla. Det kom også nyvalde i sokneråda og vi takkar so mykje for den flotte innsatsen dei avtroppande sokneråda har gjort i si 4årsperiode. Vi er takksame for dei nye sokneråda og ser fram til nært samarbeid.

Det blei i 2023 avtala å skulle ha ein fellesfest med sokneråda og staben. Den blir i januar 2024 etter ønske frå begge partar.

9.6 Tusen takk!

No takkar vi for 2023 og gir ein ekstra applaus til dei som har gjort «det lisje ekstra» og alle i staben har strekt seg langt. Vi kan sjå tilbake på eit år med godt samarbeid med stab, Fellesråd og sokneråda og vi er både glade og takksame for dei vi har saman med oss på laget vidare.

Då står det berre att å ynskje alle eit strålende arbeidsår 2024. Med tanken «Gud gir, vi deler», brettar vi opp ermane og ynskjer eit nytt år velkommen!

9.6 Signaturdelen

Stad og dato

Inger-Marie Seth
Leiar Fellesrådet

Katrine Ruth Overå
Dagleg leiar/kyrkjeverje

Kreditering av bilerter i Årsrapporten 2023

Fotograf dronebileter: Johan Tau Overå
Øvrige bilerter: Katrine Ruth Overå
Risør II: Heimesida til Møre Bispedøme